



Anne Teige Kjenes
Tømmervika 2
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/685 - 19/16431

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
27.05.2019

Anmodning om klypp av hekk og buskvekstar langs kommunal veg - Tømmervika 2

Lindås kommune har motteke uromeldingar vedkomande sikt i kommunale vegkryss i Tømmervika. Under synfaring har vi registrert at Dykkar hekk er til hinder for friskt i to kommunale vegkryss og i avkjørsle til eigedommen.

Dykkar eigedom har offentleg veg på tre sider. Dette gjer at eigedommen grenser opp mot to kommunale vegkryss. På grunn av krav til sikt i vegkryss og eigen avkjørsle, kan hekk langs kommunal veg ved Dykkar eigedom ikkje være høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Som grunneigar har De ansvar for at hekk og andre buskvekstar ikkje er til hinder for friskt i vegkryss og i eigen avkjørsle.

Lindås kommune anmoder om at De som eigar av hekk får utført klypp slik at denne ikkje er til hinder for friskt og trafikken i offentleg veg. I enkeltvedtak kan kommunen pålegge den einskilde grunneigar om å utføre klypp av hekk og anna vegetasjon. I vedtaket vert det sett ei frist for utføring av arbeid. Dersom arbeid ikkje er utført innan fristens utløp, kan kommunen få utført arbeid. Arbeid vert då utført med grovt maskinelt utstyr som gjer at sluttresultatet vert noko grovt. Avfall vert lagt inn på eigedom. Resultatet vert betre om De som grunneigar utfører dette sjølv. Vi gjer merksam på at i tilfeller der vegetasjon utgjer ei risikofare for trafikken, kan kommunen få utført arbeid utan ytterligere varsel.

Beplantning på tomter iht reguleringsplan:

I reguleringsplan for Alversund utmark er det regulert inn byggegrense mot veg. Byggegrensa har som føremål om å ta vare på dei krava ein må ha til vegsystemet og til trafikken langs denne. I reguleringsføresegn § 22 er det fastsett at tomtane i reguleringsplanen ikkje skal beplantast til slik at det fører til ulempe for naboer eller for ferdsel i veg.

Krav til friskt iht veglova:

Krav til friskt i offentlege vegkryss og i privat avkjørsle frå offentleg veg er fastsett av vegdirektoratet i veglova med tilhøyrande regelverk.

Meir informasjon om hekk og trafikktryggleik finn du på kommunen sin heimeside.

<http://www.lindas.kommune.no/hekk-og-trafikktryggleik.400220.nn.html>

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733





Bileta viser hekk i siktsone til kommunalt vegkryss. Maks tillete høgde på hekk er 0,5 meter over kommunalt vegnivå.



Bilete viser mur og hekk i siktsone til privat avkjørsle. Maks tillete høgde på mur, hekk og liknande er 0,5m over kommunalt vegnivå. Bilete er frå kommunen sine vegbilder frå 2015.

Førehandsvarsel:

Teknisk drift anser dette brev som eit førehandsvarsel om muleg pålegg om klypp av vegetasjon langs kommunal veg, i avkjørsler og i vegkryss. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved vegdrift

Mottakrar:

Anne Teige Kjenes

Tømmervika 2

5911

ALVERSUND

Rein Werner Kjenes

Tømmervika 2

5911

ALVERSUND